

# Forskrift for godtgjersle for folkevalde – Gjesdal kommune 2023-2027

Fastsett av kommunestyret i Gjesdal 19. juni 2023 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10.

## § 1. Formål

Forskrifta skal leggja til rette for brei rekruttering til Gjesdal kommunes tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

## § 2. Verkeområde

Forskrifta omfattar ordførar, varaordførar og politiske medlemmer av alle faste styrer, råd og utval og til medlemmer av utval oppnemnt av kommunestyre, formannskap eller hovudutval.

## § 3. Årleg godtgjersle/arbeidsgodtgjersle

Tillitsverv	Godtgjersle	Utbetaling
Ordførar 1/1 stilling	Årleg godtgjersle/lønn lik lønn til stortingsrepresentantane. Feriepengar blir utbetalt året etter og godtgjersle blir utbetalt under sjukdom som for lønn til kommunalt tilsette. Lønna vert regulert pr. 1.5. kvart år. Bilgodtgjersle etter kjørebok etter Staten sine satsar.	Pr. månad
Varaordførar	20 % av ordførarens lønn. I tillegg kjem ordinær møtegodtgjersle i formannskap, utval for kultur og samfunn og utval for levekår, administrasjonsutval og kommunestyre. Møtevirksomhet utover dette (unntatt köyring) er dekka av de 20 %.	Pr. månad
Utvaleiar (formannskap, utval for levekår, utval for kultur og samfunn)	Fast godtgjersle på 4,5 % av ordførars lønn. Leiarane av utvala for kultur og samfunn og levekår mottek også godtgjersle pr. møte i andre utval, med unntak av møter i eige utval.	Pr. månad
Leiar kontrollutval	3 % av ordførars lønn. Dette inkluderer også møtegodtgjersle.	Pr. månad
Gruppeleiar	2 % av ordførars lønn.	Pr. månad
Medlem i kommunestyre, formannskap, utval for levekår og utval for kultur og samfunn	Kr. 2500,- pr. møte	Pr. månad
Medlem av kontrollutvalet	Kr. 1 650,- pr. møte	Etterskot pr. halvår

Eldreråd og brukarråd	Leiar har fast godtgjersle på kr. 8 000 pr år + godtgjersle pr. møte kr. 750 Medlem: Godtgjersle pr. møte er kr. 750	Etterskot pr. halvår
Andre styrer, råd og utval (inkl. politisk leiargruppe)	Leiar (når dette ikkje er ordførar eller varaordførar): Fast godtgjersle pr. år kr. 2500, samt godtgjersle pr. møte kr. 750 Medlem: Godtgjersle pr. møte kr. 750  Oppnemnde medlem i styre, råd og utval utanfor kommunen, og som ikkje får møtegodtgjersle der, skal ha godtgjersle etter dette punkt. Tilsettes repr. i administrasjonsutvalet høyrer også inn under dette punkt.	Etterskot pr. halvår
Midlertidig oppretta utval	Leiar (når dette ikkje er ordførar eller varaordførar): Godtgjersle pr. møte kr. 700 Medlem: Godtgjersle pr. møte kr. 500	Etterskot pr. halvår
Ungdomsråd	Leiar: Godtgjersle pr. møte kr. 600 Medlem: Godtgjersle pr. møte kr. 400	Etterskot pr. halvår
Varamedlem	Møtande varamedlem i faste politiske styringsorgan får ein godtgjersle tilsvarende fast medlem.  Når varamedlem ved inhabilitet hos det faste medlem kun møter i ein sak, eller varamedlem ikkje trer inn i møtet fordi slik inhabilitet ikkje føreligger, mottar varamedlem ein godtgjersle på kr 600,-.	Pr. månad
Stemmestyre/ valfunksjonær	Leiar av stemmestyre får kr 5 000,- Medlem stemmestyre/valfunksjonær får kr 2 000,-.	Etter kvart val

Ordførar og varaordførar avtaler og avklarer innbyrdes når det gjeld den interne arbeidsfordelinga, også avvikling av ferie.

Gruppeleiarane (når dette ikkje er ordførar eller varaordførar) gis månadleg godtgjersle av ordførars lønn, sjå oversikt over. Gruppeleiarstøtta faller bort dersom partigruppa i løpet av valperioden ikkje lenger er representert i kommunestyret. Støtten faller bort frå det tidspunkt utmeldinga finner sted.

Godtgjersla omfattar alle møter, kurs, konferansar, representasjonar og liknande som ein vert kalla inn til eller pålagt å møta på. Godtgjersla er fast og dekker alle utgifter i samband med møta, unntake reiseutgifter og utgifter til barnepass.

Fråvær frå møte eller funksjon skal varslast og begrunnas. Ved fråvær frå einskild møte, fall møtegodtgjersle bort. I andre funksjonar vil fråvær på meir enn 25 % føre til tilsvarende reduksjon av godtgjersla.

Løn og/eller godtgjersle for politiske møter og representasjonar blir fastsett av kommunestyret. Avtroppande kommunestyre fastset løn og godtgjersle for komande nyvalde kommunestyre og dei styrer, råd og utval som følgjer av nyvalet.

## **§ 4. Møtegodtgjersle**

Dersom medlemmer i utval same dag deltek i møter der utvalet er personidentisk (til dømes møter i klagenemnda, styringsgruppe m.m.), har medlemmene ikkje rett til særskilt møtegodtgjersle.

## **§ 5. Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap**

Den som har eit tillitsverv i Gjesdal kommune, har krav på:

- a. Reiseutgifter i samband med utføring av vervet som politisk tillitsvald.
- b. Omsorgsgodtgjersle for pass av barn under 12 år, sjuke, eldre eller funksjonshemma.
- c. Erstatning for tapt inntekt (legitimert).
- d. Erstatning for tapt inntekt (ulegitimert).
- e. Møter og konferansar i samband med utføring av vervet som politisk tillitsvald.

Krav etter første ledd skal setjast fram for politisk sekretariat så snart som mogleg og seinast innan 1. juni eller 1. desember kvart år.

Kommunalt tilsette som deltek i kommunale møter og liknande i den vanlege arbeidstida, skal ikkje trekkjast i løn. Eventuelle vikarutgifter blir dekka av det tenesteområde som utvalet hører til under.

## **§ 6. Utmåling av utgifter og økonomisk tap**

Godtgjersle for transport etter § 5 bokstav a blir dekka etter reglane til det kommunale reiseregulativ. Den tillitsvalde må sjølv leggja fram reiserekning på fastsett skjema.

Utgifter etter § 5 bokstav b gjevest til einsleg forsørgjar, og til ektefelle/sambuar der den andre ektefellen/sambuaren er i løna arbeid i møtetida. Møtedeltakarane må sjølv krevja slik godtgjersle, samt framlegga dokumenterte kostnader. Utgiftene blir dekka med inntil kr 500,- for møte på 4 timer eller mindre, og inntil kr 1000,- for møte over 4 timer.

Tillitsvalde som har omsorgsansvar for sjuke, eldre eller funksjonshemma, får etter rekning dekka utgifter til tilsyn og pleie for den tida han/ho er fråverande for å ivareta kommunale verv.

Erstatning for tapt inntekt etter § 5 bokstav c blir sett til inntil kr 3600 per dag for møter som varer over 4 timar. Møter som varer 4 timar eller mindre, blir sett til inntil kr 1800 per dag.

Legitimert tapt arbeidsforteneste blir kun utbetalt dersom møtet er lagt til ei slik tid at vedkommande må ta fri frå ordinært arbeid for å delta i møte. Vedkommande må sjølv fremja krav om tapt arbeidsforteneste for kvart møte.

Tapt inntekt etter § 5 bokstav d blir dekt med inntil kr 1500 per dag for møte som varar over 4 timar. Møte som varar 4 timar eller mindre, blir sett til kr 1000 per dag.

Vedkomande må sjølv fremja krav om og sannsynleggjera tapt arbeidsforteneste.

Tapt inntekt etter § 3 bokstav e dekkast dersom medlemmer av eit folkevald organ blir oppnemnt til eller får aksept av ordførar til å delta på kurs eller konferansar. Spørsmål om møtegodtgjersle må vurderast spesielt i kvart tilfelle. Tilsvarande gjeld medlemmer av

folkevalde organ som av ordførar blir bedt om å representera kommunen på eksterne møter (sistene mnde gjeld ikkje varaordførar). Tillitsvalde som ønskjer å delta på kurs, konferanse eller liknande må søkja om dette til ordføraren.

### **§ 7. *Kostgodtgjersle***

Kostgodtgjersle i samband med utføring av vervet som politisk tillitsvald. Normalt blir det ikkje betalt kostgodtgjersle. For møte/synfaring som ein reknar at varer meir enn ca. tre timer kan det ordnast med enkel servering på kommunen si kostnad. Ved deltaking i konferansar, møter og liknande utanfor kommunen blir kostgodtgjersle betalt etter gjeldande reglar dersom det ikkje er ordna med felles servering.

### **§ 8. *Rett til ettergodtgjersle***

Ved skifte av ordførar, får ny ordførar godtgjersle frå og med det konstituerande møte og avgående ordførar ein månadslønn etter konstituerande møte.

### **§ 9. *Godtgjersle for telefon***

Ordførar får dekka telefon etter kommunal mobiltelefonordning.

### **§ 10. *Rett til sjukepengar, rettigheiter ved yrkesskadar, permisjonar og pensjonsordning***

Folkevalde som har vervet som sin hovudsyssel, skal ha same rett til yting som tilsett i kommunen, jf. [Kommuneloven § 8-8](#).

Kommunen skal betala sjukepengar tilsvarende full godtgjersle i arbeidsgjevarperioden frå den fyrste til den sekstande sjukedagen, jf. [folketrygdloven § 8-19](#).

Den folkevalde søker sjølv NAV om sjukepenger. Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks gonger grunnbeløpet, jf. [folketrygdloven § 8-10](#) andre ledd, skal kommunen betala forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.

### **§ 11. *Anna***

- a. Fast godtgjersle skal utbetalast med 1/12 pr. månad.
- b. Variabel godtgjersle; godtgjersle per møte, legitimerte utgifter, ulegitimerte utgifter, køyregodtgjersle og liknande vert utbetalt halvårleg. Frist for innlevering blir sett til 1. juni og 1. desember. Kvar einskild som har rett til slik godtgjersle, må sjølv levera inn oppgåve på fastsett skjema. Dersom skjemaet ikkje blir sendt inn innan fristen som er sett, fell retten til å få utbetalt variabel godtgjersle bort.

Kommunedirektøren administrerer ordninga. Ved tvil om fortolking av reglane i disse retningslinjene fattast avgjersle av ordførar og kommunedirektør i fellesskap. Avgjersler kan klages inn for kommunen si klagenemnd.

### **§ 12. *Ikraftsetjing***

Forskrifta trer i kraft 16. oktober 2023.